



Saksbehandlar: Arvid Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/3479-1

Hovudsamarbeidsutvalet - Skriv og meldingar 25. mai 2016

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande

Meldesak 1) Fylkeshovudverneombodet tek ikkje attval

Fylkeshovudverneombod Anne Kari Hagen har gjeve melding om at ho frå hausten 2016 går tilbake i undervisningsstillinga sin ved Sogndal vidaregåande skule. Ved førrre runde vart dei fylkeshovudtillitsvalde samde om at Utdanningsforbundet fekk i oppdrag, på vegne av fagforeiningane, å finne ny kandidat til vervet FHVO.

Frm-personal ønskjer å legge fram ei sak for HSU for å klargjere rammer og gi føringar innanfor det saksfeltet og i den rolla fylkeshovudverneombodet skal virke. Dimensjonere frikjøpsstorleiken og fastesette opplæringstiltak samt samarbeidsrutinar og årlege samlingar for FHVO med nettverket av hovudverneombod lokalt.

Meldesak 2) Personal- og tingforsikringane vert anbodsutlyst

Vi har stadfesta forsikringsmeklar AON si tilråding om å prolongere forsikringsavtalane etter 1. mai og samtidig køyre anbodsprosess. Dei nye forsikringane vil løype frå 1.10 og me ønskjer å flytte hovudforfall til 1.1. Forfall og fornyingar vil då følgje kalenderåret og gjer det enklare å periodisere til budsjett- og rekneskapsåret.

Meldesak 3) Evaluere bruken av den obligatoriske utviklingsavtalen

Frm-personal reviderte medarbeidarsamtalen i 2010. Vi gikk burt frå konseptet medarbeidarsamtalar (MAS) og sette i verk det gjeldande samtaleverktøyet vi kallar utviklingssamtalen på tampen i 2010. Utviklingsavtalen har med dette no vore gjeldande samtaleverktøy i organisasjonen dei siste seks åra. Då HSU handsama revisjonen av konseptet MAS i sitt møte den 30.09.2010 under skriv og meldingar, kom utvalet med følgjande protokoltilførsel:

I samband med orienteringa om revidering av konsept for medarbeidarsamtalen (MAS) vedtok utvalet å oppmøde administrasjonen om å understreka ovafor alle leiarane at medarbeidarsamtalen (MAS) skal gjennomførast årleg. Medarbeidarsamtalen er obligatorisk, har høg prioritet og skal gjennomførast i alle ledd i verksemda. Det er ein rett like mykje som ei plikt.

Vi ønskjer no å nytte medarbeidarundersøkinga MTM II som arena for tilleggsspørsmål for å evaluere bruken og kvaliteten av verktøyet. Samt å endre og sikre kvaliteten på spørsmåla i malen for den årlege LAMU årsrapport.

Meldesak 4) Aktivitetar under planlegging

Hausten er ei travel tid for kurs og samlingar og fram til no har vi følgjande aktivitetar med førebelse datoar under planlegging:

- ✓ Nytt «førtitinarskurs» for verneombod, medlemmar av LAMU/HSU og leiarar. (22.+23. september og 5.+6. oktober)
- ✓ FHVO sitt årlege kontaktmøte med hovudverneomboda (8. og 9. september)

- ✓ Reinhaldarseminaret 2016 (26. og 27. oktober)
- ✓ Planlegging og gjennomføring av MTM II i månadsskiftet november –desember. Som tidlegare nyttar vi høve til å stille tilleggsspørsmål for å få svar på andre ambisjonar og satsingar innan arbeidsgjevarområdet. Vi undersøker stoda innan likestilling og mangfald og om bruken av utviklingssamtalen.

Å ha leirarar og medarbeidarar som vert/er motivert av sine arbeidsoppgåver og verdset si eiga verksemd er gull verdt for arbeidsmiljø og resultat. MTM ® er eit verktøy som kan fortelje oss i kva grad dette er tilfelle, og kva faktorar i arbeidsmiljøet som bidreg. MTM ® fangar også opp faktorar som hemmar motivasjon og arbeidsglede, og som i verste fall kan skape belastning, slitasje og eit dårlig arbeidsmiljø. Med MTM ® får vi viktig kunnskap om tilstanden i fylkeskommunen og ein metode for å påverke det i rett retning.

- ✓ LAMU-dagar. Vi bestiller ein årleg informasjonsdag i kvar region for verneorganisasjonen og den lokale leiinga. Det er den lokale leiinga saman med vår leverandør av bedriftshelstenester (Stamina Helse As) som gir dagen det faglege innhaldet.
- ✓ Introduksjonssamling for nye tilsette 4. eller 11. oktober. Vi legg no om frå to til ei årleg samling.
- ✓ Fylkesrådmannen si leiarsamling - samlinga er planlagt til slutten av januar 2017